



Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

NR. 2 | SOMMARNUMMER | 2014 | 91. ÅRG.



PIONÉREN PETER



KNUT ARNE KUMENEJE

På en teikneseriestrips kjem det ein munk seglande frå Irland og seier: "Eg kjem med kristendomen til deg, Hårek." Og Hårek svarer: "Fint! Set han der bortel!"

Ved utgangen av Matteusevangeliet står det: Då steig Jesus fram og tala til dei: "**Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande og lær dei å halde alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.**" (Matt 28, 18-20)

I boka The Apostle's Notebook skriv den engelske presten Mike Breen at det grovt sett finst to typar menneske: Pionerar og settlarar. Då Amerika blei erobra, såg ein tydeleg kven som var kven. Pionerane var cowboyane. Dei drog heile tida vestover, og inn-tok stadig nytt land. Settларane kom etter og slo seg ned. Dei bygde byar og dyrka jorda.

Olav Den Heilage var nok ein pioner. På vikingtokt i Middelhavsområdet blei han kristen, og kom heim og kristna store delar av landet.

Også læresveinane til Jesus kan vi seie var pionerar. Peter er det beste dømet på ein som ville mykje. Ofte blir han framstilt som ein klossete type – men han hadde samtidig mykje offensiv kraft.

- Han trudde det var mogleg å gå på vatnet – og klarte det – ei stund ...
- Det var han som lova Jesus evig truskap. Han klarte ikkje det – men han ville veldig!
- Det var han som først gjekk inn i den tomme grava.
- Det var han som kasta seg i sjøen då dei fekk auge på Jesus inne på stranda etter oppstoda.
- Det var han som tok initiativet til å velje ut ein ny apostel etter Judas.
- Det var han som tok ordet på Pinsedag.

Peter var ein handlingens mann med ei barnleg dristigheit som ofte gjekk over til feigheit. Vendepunktet i Peters liv var at Jesus viste seg for han etter oppstoda. Sikkert er det at Peter frå pinsa av blei ein tydeleg og modig kyrkjeleiar, som uredde møtte den forfølginga og straffa som blei resultatet for hans verksemd. Peter er sjølv definisjonen på ein som trur det er mogleg å få til mykje. Han var med då dei tok farvel med Jesus på fjellet, og fekk høyre misjonsbefalinga om å reise ut og fortelje andre om Jesus. Saman med befallinga fekk dei lovnaden om at Jesus ville vere med dei. Dette er den indre dynamikken i misjon. Han som har all makt i himmel og på jord er gått i førevegen. Misjon vil seie å gå ut dit han er gått føre, for å hjelpe menneske på kvar ein stad – til å sjå han.

Han let oss ikkje vere igjen som foreldreause born. Han kom til oss. Også takka vere Peter sin innsats – og munken frå Irland. Som reiskapar for sin misjon, brukar han menneske i si teneste – pionerane og settларane.

Likar du nye utfordringar og forandringar – eller stabilitet, orden og ro? Er du ein pioner eller ein settlar?



ASKVOLL KYRKJE

JUBILEUMSHELG



*Pinsehelga 7.-8. juni var det stor-
slagen feiring av Askvoll kyrkje
som feira 150-årsjubileum.
Jubileumshelga starta med kyrkje-
konsert ved lokale aktørar
pinseaftan. Både lokale kor, elevar
ved kulturskulen og andre lokale
kulturkrefter deltok.
Det var 118 betalande som møtte
fram som publikum.*



Pinsedag var det festgudsteneste, der prost Reidar Knapstad, spesialprest Knut Arne Kummeneje, tidlegare prestar i Askvoll; Kåre Knutsen Bratzen, Jarle Veland, Olav Oma, deltok i tillegg til sokneprest Stein Hugo Fykse. Atløykoret og Kor Impro deltok med korsong i gudstenesta, og Sidsel Anita Itland deltok med solistinnslag.

Etter gudstenesta var det jubileumsfest med middag i Askvoll samfunnshus under leing av leiar og nestleiar i soknerådet Ole Andreas Myrstad og Anne Grethe Lien. Om lag 100 personar deltok på festen. Rett setning er: «Her var det mellom anna sanginnslag ved Olset Mannskor og presentasjon av ombyggingsprosessen for kyrkja. Vidare var det orientering om Askvoll kyrkje sin historie og framblikk mot framtida. Soknet hadde blomeoverreking til nokre av dei som har bidrege i fornyingsarbeidet.

Det var fleire som kom med helsingar på jubileumsdagen. Askvoll kom-

mune, representert ved ordførar Frida Melvær gratulerte og kunngjorde at Askvoll kommune gir inntil kr 6000,- i jubileumsgåve for at vi kan få ruste opp dei eksisterande brudestolane.

Mange var spente då den mykje omtala «flaskeposten» skulle opnast på jubileumsfesten. Kirsten Grane var

den heldige til å verte uttrekt til å opne flasken, og Gaute Losnegård hadde ei opplesing av brevet på direkten. På sidene bak kan du prøve å tyde brevet sjølv. I neste nummer av kyrkjebladet vil vi komme meir tilbake til innhaldet i flaskeposten.

RUNE ZIENER





Aktivoldts Aars 1859 offentlig, den
29^{de} Novembris sammensat og ind-
viede Brev, afbrødt ved Signatur
den 6^{te} Marts 1861.

Aars 1863 den 13^{de} April
Kongens Højhedelige Høiherre og
af Aktivoldts Commune.

Den regjerende Fyrste, den da
Hans Majestæt Kong Carl XV.

Burgens Bispestole var da ved Bis-
kop Hauwinius's dødelige Afgang
ledig. Stiftsprovst i Burgens Høi-
hed Birkelund var videregående
Bisshop.

I Lindafjords Provstier var Johan Carl
Christie Provst og Sognepræst i Akti-
vold.

Kommunens Ordfører, var endelig
Hovorkirkensanger, Mogens Andersson
Aktivold, hvis Ni Aars Tid og in-
vidne Anseelse gjorde det for sig selv
Dette skjedt, at Menigheden alle og
især har søgt et nyt Høiherre Forspe-
riist for det gamle Bismær.

Bysmesteren var Christian Olsen
Bilund, der har bygget Kirken af
den Tidningen, i den hvide af Land-
skabsaktens Andens Aktivold, der har
gjort Menigheden en smuk Alt-
Aner, for sig selv den bedste de
sine i Gudsmanne Høi og de søvne
Dødsle.

Hovorkirkensanger var Seminarist
Anders Olsen Christensen og Kirken
og den gamle Akti.

KONFIRMANTAR



KONFIRMANTANE I HOLMEDAL KYRKJE:

Framme frå venstre:
Nikolai Skarstein,
Kim Andre Vårdal
Hellenes, Tobias
Lyngstad, Malene
Ask Barsnes
Bak frå venstre: Thea
Marie Rivedal, Sofie
Ingeborg Hestvik
Mork, Sandra Enstad
Kjus, sokneprest
Stein Hugo Fykse,
Øystein Vågane Helle,
Sondre Hegrenes Vin-
denes.



KONFIRMANTANE I VILNES KYRKJE:

Framme frå
venstre: Sokneprest
Stein Hugo Fykse,
Anny-Terese Grane,
Daniel Andrew Vince
Pacada
Bak frå venstre: Jan
Erik Sund Veka,
Julie Herland Sund,
Kristian Herland,
Mathias Thorsnes
Herland, Hege Cecilie
Någård.

I 2014



KONFIRMANTANE I ASKVOLL KYRKJE:
Framme frå venstre: Franka Schulze,
Benedikte Rotihaug, Astrid Øgaard Folle-
våg, Marie Rivedal Ask

Bak frå venstre. Spesialprest Knut Arne
Kummeneje, Umberto Andre Lisboa Iver-
sen, Espen Kvamme, Jarl Andres Grane
Ringstad.

KONFIRMANTANE I STONGFJORDEN KAPELL:
Frå venstre: Ingalill Fredriksen Stang,
sokneprest Stein Hugo Fykse, Isabel Stang.



KONFIRMANTANE I KVAMMEN KAPELL:

Frå venstre: sokneprest Stein Hugo Fykse, Hilde Gunn Bråstad, Harald Nymoens Selvik, Hege Grytten.

KONFIRMANTANE I BULANDET KAPELL:

Tekst til bilete konfirmantar Bulandet.
Frå venstre: Maria Hatløy, Andre Strømsnes Norstrand, Malin Kalvøy Steinsvik, spesialprest Knut Arne Kummeneje.



KONFIRMANTANE I VÆRLANDET KAPELL:

Frå venstre: Spesialprest Knut Arne Kummeneje, Malene Leite.





KVA MÅ TIL FOR AT DE SKAL HALDE FRAM MED Å GÅ I KYRKJA?

Svar:

Gudstenesta må bli kjekkare og den må passe meir til ungdommane og det moderne livet i dag. Vi må få vere med å gjere noko, ikkje berre høyre på.

Vi har og vore på leir med dykk og det var veldig kjekt, bileta talar for seg sjølve.

Kjære konfirantar vi har hatt det kjekt ilag med dykk, lært dykk og kjenne som veloppdragne, omtenk same og høflege ungdommar. Foreldre og familie kan vere stolte av dykk. Vi er ferdige med konfirmasjonstida, men vi håper at de etter dette året veit at kyrkja og gudstenesta er her for akkurat dykk. For kyrkja er ikkje berre presten sitt hus, eller soknerådet sitt hus, eller de flinke sitt hus, det er Gud sitt hus. Og i dåpen vart akkurat du Guds barn, difor er det også dykkar hus. Kyrkja er staden der menneske samlast i trua sitt fellesskap, og her formast trua. Og de er alltid velkomne heim. De må og gjerne komme innom kyrkjekontoret på besøk, om de har lyst og tid.

KNUT ARNE KUMMENEJE, STEIN HUGO FYKSE, BENTE MYHRE STRØMME

KONFIRMANTARBEID

Konfirmasjonstida i Askvoll sokn er ei tid med mykje spennande innhald. Tema som moral, etikk, mobbing, medkjensle er noko vi har diskutert med dåke og knytt opp til bibeltekstar.

Undervegs i konfirmentundervisninga svarte de og på nokre spørsmål og her er nokre eksempl:

KVIFOR VEL DE Å KONFIRMERE DYKK:

Svar:

Du bli meir vaksen , får pengar, og lærer meir om Gud og Jesus.

Eit anna svar var: I tilfelle Gud finns, det er viktig å ikkje ta nokre sjansar. Også er det ein fin tradisjon.



GAV NY GIV

TEKST: MARIT MJØLSNESET

FOTO: KRISTIAN OG MARIT MJØLSNESET

STERKE MØTE MED NMS SITT ARBEID I THAILAND OG LAOS FORSTERKA UNGE NMS'ERAR SITT ENGASJEMENT FOR MISJON.

Det er fredag morgon. Det kjennes som om sola steiker, sjølv om himmelen er slørlagt av eit tykt, kvitt lag av forureining. Me er i Khlong Toei-slummen i Bangkok, heimstaden til rundt 400 000 thaiar. Vegen fram til Lovsangshjemmet går gjennom tronge smug dekte av gjørme og søppel, langs

breidda av Khlong Toei elva, og over ei lita gangbru. Me blir møtt av venlege smil på vegen, men også av elendige butilhøve og openlys fattigdom.

Vel framme med Lovsangshjemmet lyser eit fargerikt lite murhus opp det elles grå området. Dagsenteret ligg under ein støyande motorveg, midt i hjartet til slummen.

Her fekk me lov til å møte både born som nyttar seg av senteret, og misjonærar som arbeider der.

– Når du høyrer om prosjekta heime i Noreg tenkjer ein at det blir gjort eit bra arbeid, men det blir noko heilt anna å sjå det med egne auger, meiner Trygve Austeng.

Han var ein av dei fjorten deltakarane på turen, og det var fyrste gong han besøkte eit av prosjekta NMS har i utlandet.

– Det gjorde sterkt inntrykk å sjå at born som kjem frå familiar som slit har ein trygg stad å koma til.

HEILE LANDET I VASSKRIG

I løpet av to veker i Thailand og Laos fekk me oppleve utruleg mykje. Eit anna høgdepunkt var å feire thailandsk nyttår med ein kyrkjelyd NMS har vore med å planta i Mukdahan, i nordaust-Thailand. Tradisjonen tru bryt heile landet, unge som gamle, ut i ein ellevill, tre dagar lang, vasskrig. I kyrkja blir det i tillegg feira med gudsteneste.

– Det er fint å kunne vera saman og kjenne seg som éin kristen familie



LOVSANGSHJEMMET:
Blidt møte med borna i slummen.

FAKTA

LOVSANGSHJEMMET:

Lovsangshjemmet ligg under ein motorvegbru like ved slumområdet. Her får barn frå slumområdet Klong Toey både omsorg, mat og opplæring. Det kreves betaling, men beløpet reguleres i forhold til foreldras inntekt. Fleire born får dermed nesten friplass.

KYRKJESENTER I MUKDAHAN:

Kyrkjesenterets visjon er å sjå kyrkjelydane i distrikta veksa gjennom å utrusta leiarar, som igjen utrustar nye. Sidan starten i 2008 har senteret utvikla seg til å vera ein base for leiartrening for fleire kyrkjelydar, og held seminar for både unge og vaksne. Senteret har plass til rundt 50 personar i undervisningslokala. På dei to sovesalane er det plass til 40 personar. Staben ved senteret reiser i tillegg ut til kyrkjelydar og underviser.

sjølv om me ikkje snakkar sama språk eller kjenner kvarandre personleg, sa Hanne Alfsen frå talarstolen under gudstenesta.

Under lovsongen blanda norsk, thai og engelsk seg til eit herleg samansurium, men alle prisa éin gud.

– Me har mykje å lære frå kristne i Thailand og Laos, meiner Siri Mæland.

Hennar møte med menneske som er kristne trass i massiv motgang inspirera ho til sjølv å vera ein modigare kristen.

– Når menneske som risikerer forfølging kan vera så brennande i trua, burde me i Noreg tørre å gå litt utanfor komfortsona vår, synest Mæland.

NYTT SYN PÅ MISJON

Neste stopp på turen var hovudstaden i Laos, Vientiane. Her møtte me ungdommar frå Laos Evangelical Church,



↑ *KHLONG TOEI-ELVA: På veg til Lovsangshjemmet i Bangkok.*

↗ *GUDSTENESTE: Vasking av kvarandres hendar og føtar i kyrkja i Mukdahan.*

↗ *KOH SAMUI: Late dagar på stranda.*

→ *SONGKRAN: Festleg feiring av thailandsk nyttår.*



som NMS støttar. Dei kunne fortelje sterke historier om korleis det er å vera ein kristen i eit land med eit kommunistregime som avgrensar religionsfridomen, og om utfordringar knytt til eit liv i fattigdom. Det er slike møte med flotte, unge menneske som ein kan relatere seg til som gjer ein misjonstur til noko uendeleg mykje meir enn å reise på ein "sydentur".

– Turen inspirerte meg veldig til å bidra meir i NMS. Eg fekk eit litt endra bilete av kva misjon er på grunn av turen. Å sjå det diakonale

arbeidet i slummen i Bangkok, der alle er velkomne, uavhengig av religion, fekk meg til å innsjå at misjon ikkje berre tyder evangelisering, men også å hjelpe på andre måtar, fortel Ingvald Mjøl̄snes.

GRUPPETUR MED MEINING

Dei siste dagane av turen gjekk med til avslapping og refleksjonar på ei øy sør i Thailand. Her fekk me tid til å snakke saman om kva me hadde opplevd og hente oss inn att etter eit fullspekka program med mykje reising.

Reiseleiar Kristian Mjøl̄sneset synest turen gjekk veldig bra og at det var kjekt å vera ein heil gjeng på tur.

– Å vera på tur med så mange flotte folk gav ekstra meaning til turen. Ein har mange å dela inntrykk med, og ein får høyre mange ulike tankar og refleksjonar om felles opplevingar. Eg vil anbefale alle som har sjansen og hive seg med på misjonstur viss ein får sjansen.

Mjøl̄sneset kan avsløre at NMSU Bjørgvin allereie arbeider i kulissene med å prøve å få til ein ny misjonstur.



NY SALMEBOK TEKEN I BRUK

På soknemøtet 18. mai vart det vedteke at ein tek i bruk ny Norsk salmebok i Askvoll sokn. Ny salmebok er utarbeidd som ledd i det store reformarbeidet som har gått føre seg i Den norske kyrkja sentralt dei seinare åra.

Vil du gje tid til menneske som treng nokon å snakke med?

Velkommen som medarbeidar på Kirkens SOS i Sunnfjord! Du kan gjere ein forskjell for menneske som har det vanskeleg, og samstundes oppleve personleg utvikling.

Kirkens SOS er Noregs største døgnopne kriseteneste på telefon og internett. Du får god opplæring og oppfølging undervegs.

Innføringskurs begynner i Førde 1. oktober.
Interessert?

Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin, tlf 55 32 58 45 / mob 941 83 654
Epost: bjorgvin@kirkens-sos.no
Meir informasjon på www.kirkens-sos.no/bjorgvin



STILLING LEDIG

Kyrkjetenarar – deltid (fornya utlysing)

Askvoll sokn har ledig to faste stillingar i til saman 43% til det nyetablerte kyrkjetenarteamet i soknet.

Teamet skal betene kyrkjelydane Askvoll, Holmedal, Kvammen og Vilnes etter oppsett arbeidsplan. Dette tenestedistriktet kan verte endra avhengig av korleis gudstenesteordninga vil vere i haust. Fordeling av stillingsprosent skjer etter endeleg avtale med dei som vert tilsett. Forventa stillingsstart er sett til 1. august 2014.

Søknadsfrist: 10.07.2014

Sjå fullstendig utlysing på vår heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Vil du sjå din annonse her?
Kontakt kyrkjekontoret.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

I KYRKJELYDEN ASKVOLL SOKN



DØPTE
2014



HOLMEDAL

21.mars Tobias Lyngstad
20.april Vegard Fleten Thorsen

VILNES

21.april Alexander Herland
01.juni Ruben Leirvåg Sund
01.juni Philip Høyvik

ASKVOLL

13.april Vilde Karin Jensen
Døpt i Førde kyrkje

VIGDE
2014



ASKVOLL

10.mai Stine Solheim og Raymond
Rørvik

HOLMEDAL

31.mai Ragnhild Vårdal og Jens-
Andre Gjengedal
07. juni Hege Osland og Geir Hegel-
stad

REGELVERK OM GRAVER OG GRAVMINNE

FAKTA

LOVER OG REGLAR

Tilhøve ved grav og gravminne er regulert i

- Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdsloven)
- Forskrift til Lov om gravplasser, kremasjon gravferd (gravferdsforskriften)
- Lokale gravplassvedtekter

MYNDE I GRAVPLASSAKER

Soknerådet er den lokale gravplassstyresmakt i kommunen, og det daglege forvaltningsarbeidet vert utført av kyrkjeadministrasjonen.

Kyrkjekontoret får ein del spørsmål knytt til graver og gravminne. Her er litt informasjon om regelverk og annan praksisk informasjon. Den vanlegste grunnen til at folk vender seg til kontoret med gravstadspørsmål, er at dei har motteke eit varsel om utløp av festetid eller fredingstid. Det ganske mange lurer på er for eksempel kvifor dei skal betale for t.d. ei grav som gjerne berre er nokre år gamal, når dei samtidig veit at ein har rett på fri gravlegging i 30 år.

FRI GRAV

Ei fri grav er ei grav som ikkje er avgiftsbelagt og ikkje festa. I utgangspunktet har alle krav på fri gravlegging og fri grav i fredingstida. Dette er regelfesta i Gravferdsloven. I Askvoll er fredingstida for kistegraver 30

år, og ein skal i utgangspunktet ikkje betale noko for desse første 30 åra, men det finst unntak.

FESTE AV GRAV

Ei festegrav er ei grav som er avgiftspliktig. Det er knytta både rettar og pliktar til eit gravfeste.

Ein festeavtale kan ein inngå på to ulike måtar:

- Ved utløp av friperiode: Når 30 års friperiode utløper, vil den som er registrert som ansvarleg for grava få eit varsel om utløp av fredingstid og eit tilbod om å inngå festeavtale. Om festeavtale ikkje vert inngått, vil grava verte sletta og grava fell tilbake til gravplassen.
- I samband med ei gravlegging: Når ei ny grav vert teke i bruk, har ein høve til å «reservere» ei grav ved sida av (ein kan få feste ytterlegare ei



GRAVLAGDE 2014



ASKVOLL

02.mai Borghild Helgesen f.1945

07.mai Elling Audun Strømmen
f.1925

HOLMEDAL

31.jan. Kåre Noven f.1922.
Bisettelse.

23.april Aagot Lerpoll f.1921

VILNES

08.april Hugo Siljander f.1949

STONGFJORDEN

25.april Steinar Arnljot Berge
f.1927

GJELSVIK

08.05 Hermann Leonard Aasen
f.1936

OPPGRADERING AV LYDANLEGG

Denne våren er dei trådlause lydanlegga i Askvoll, Holmedal, Vilnes og Kvammen bytta ut. Askvoll kyrkje har fått eit heilt nytt lydanlegg i samband med opprustinga, og det tidlegare anlegget frå Askvoll kyrkje er sett inn i Kvammen kapell.

grav etter særskilt løyve frå soknerådet). Dette vert ofte gjort fordi ektefeller eller sambuarar ønskjer å verte gravlagt ved sida av kvarandre. Den grava som i slike tilfelle vert reservert er ei festegrav, og grava vert avgiftspliktig. Når denne festegrava seinare vert teke i bruk fører ikkje dette til at grava vert ei fri grav, men er avgiftspliktig også første 30 åra etter gravlegging.

Eit feste kan verte fornya for 10 år av gangen inntil det har gått 50 år etter sist gravlegging, feste ut over dette krev løyve frå soknerådet.

FESTAR SINE RETTAR OG PLIKTER

Som festar har ein råderett over grava. Det inneber mellom at ein kan forsyne grava med gravminne, når dette er i forskriftsmessig stand. Festar tek og avgjerd om kven som kan gravleggast i grava. Festar har ansvaret for at gravminne ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for dei som ferdast på gravplassen (slikt ansvar har og den som er ansvarleg for ei fri grav).

GJENBRUK

Ei festa grav kan nyttast til ny kiste-gravlegging når fredingstida er ute. Når ei festa grav vert gjenbrukt slik,

vil festeavgift halde fram som tidlegare.

ASKEURNE

Askeurne kan setjast ned i freda grav. Om askeurne vert sett ned i ei fri grav vert siste gravleggingsdato framskrive og friperioden for grava forlenga.

GRAVSTAD

Ein gravstad er to eller fleire graver som er festa saman. Hovudregelen er at ein berre kan ha éitt gravminne på ein gravstad.

RUNE ZIENER



VELKOMEN TIL GUDSTENESTE



ASKVOLL KYRKJE

29.juni kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Dåp.

Offer til kyrkjebladet.

20.juli kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt.

17. august kl. 11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse

Offer til kyrkjelydsarbeidet.



HOLMEDAL KYRKJE

22.juni kl.11.00.

Friluftsgudsteneste Kletten

Ved Stein Hugo Fykse.

13.juli kl.11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt.

24.august kl.18.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Song

Cantus frå Dale. Offer til ungdomsklubben på Holmedal bedehus.



VÆRLANDET KAPELL



VILNES KYRKJE

27.juli kl.11.00.

Friluftsgudsteneste ved Knut Arne

Kummeneje

I samband med krabbesfestivalen.

31.august kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Offer til kyrkjelydsarbeid.



STONGFJORDEN KAPELL

15.juni kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

Offer til kyrkjelydsarbeid.

Sjå www.askvoll.kyrkja.no
for oppdatert
gudstenesteliste

LYST TIL Å VERE MED PÅ MILK?

Kyrkjene i Askvoll, Fjaler og Hyllestad har inngått eit samarbeid ved å starte eit leiarkurs for ungdommar etter konfirmasjonsalder. MILK-kurset er utvikla av KFUK-KFUM, og har blitt veldig populært!

I tillegg til å få god leiartrening og utdanning (kursbevis som kan nyttast på cv når du søker jobb), vil du bli kjent med ungdommar frå andre stader.

MILK-kurset startar i september 2014 og blir avslutta i april 2015. Det er ei samling i månaden, og samlingane vil vekselvis vere i Askvoll, Fjaler og Hyllestad.

Dei som gjennomfører MILK-kurset, kan bli ungdomsleiarar i kyrkjelyden. Det går også å fortsetje på KFUK-KFUM sitt leiarkurs over to år, LIV, som står for «Leiarar i vekst».



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll

KONTAKT OSS



BULANDET KAPELL

15.juni kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Offer til kyrkjelydsarbeid.

03.august kl.11.00.

Gudsteneste ved Knut Arne

Kummeneje. Offer til kyrkjebladet.



KVAMMEN KAPELL

10.august kl.11.00.

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

Offer til kyrkjelydens misjons-
prosjekt.



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjevevje

☎ 479 63 319
✉ kyrkjevevje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjeseekretær

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

☎ 909 60 154
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



BENTE MYHRE STRØMMEN
Trusoplærar

☎ 930 07 372
✉ bente.strommen@eninvest.net



ANTON PRUSKURNIN
Organist

☎ 918 74 725
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



KNUT ARNE KUMMEJE
Spesialprest (barn/unge)

☎ 908 55 230
✉ knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Telefon 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no

Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no

Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll

Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Beredskapstelefon: 954 83 152 ved akutt behov for prestetjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Bente Myhre Strømmen

Leiar Askvoll sokneråd: Ole Andreas Myrstad 906 32 818

Om du har
**spørsmål
om MILK**

ta gjerne kontakt med

Knut Arne på

tlf 908 55 230

eller Bente på

tlf 93007372

UNGDOMSHAPPENING

15 - 18 ÅR

MED KONSERT OG TURNERING

HUGSAR DU NATTCUPEN FRÅ KONFIRMANTTIDA?

21. november 2014 kan du
få vere med på noko liknande.

Då er alle 15-18 åringar i heile
Sunnfjord Prosti invitert til ein
**felles ungdoms-
happening i Florø**. Det
vert konsertar og fotball-,
volleyball- og innebandy-
turnering. Ein stiller med
det same laget i alle tre
idrettane.

Tid: 19.00-03.00,
med moglegheit for
overnatting etterpå.
Pris: 150 kr + reise.

Meir informasjon kjem
etter sommaren,
men sett av datoen no!
Dette vert kjekt
– særleg viss DU kjem!

Arrangør:
Trusopplæringa i Sunnfjord Prosti.

